


Kleda kom fram - til slutt

20.01.2015



Flyktingejente med dokke og genser frå Noreg

Kleda som vart samla inn til flyktingeborna i Libanon og Syria kom fram til slutt. Det opplyser president i Kvinnherad Lions, uskedelingen Gianni Rebaudo. Det var han som tok initiativet til at også vi skulle delta i denne viktige humanitære aksjonen, Han opplyser at krigshandlingane skapte store problem for transporten både teknisk og økonomisk.

Einar Lyngar i Ringsaker har gjort ein kjempeinnsats og kom nyleg attende frå krigsområdet, sterkt rysta over inntrykk han hadde hatt. Han fortel om dei til GD.

Beqaa-dalen er like gjerne snø og minusgrader som sol og varme på denne tida av året. Det var tusener av flyktingar i iskalde telt som møtte han. Dei vassa pengelense og barbeinte i nysnø og hadde også knapt med mat og drikke.

Einar har ikkje tal på kor mange frysande og gråtande born han traff, gjerne nesten utan klede. Dei sloss som dyr for å få eit par ullsokkar. Men i den neste augneblinken omfamna dei Einar. Borna i Arsal flyktingeleir har det verst. Den ligg så tett på grensen at bombane fell der. Dei skal ramma IS-soldatar som angivelig har blanda seg med flyktingane,

Uskyldige born dør av kulde fordi dei fleste hjelpeorganisasjonane held seg borte. Men altså ikkje Lions i Noreg.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen Foto:Privat